

Kyrkje- helsing

Kyrkjelydsblad for Osterøy

nr. 4 - 2007



Altartavla i Hosanger kyrkje

Ved.
Olav Meltvik



Haust i fjellet

*Haustens store stilla rår
over mine kjende fjell.
Den siste fuglesongen lyder sår
ein einsam trost som tek farvel.*

*Fjellheimen ligg her og stundar
mot hauststorm og mørke natt.
Snart gras og blomar blundar,
men til våren vil dei spira att.*

*Over fjellheimens kjende kollar
ligg det ein stille fred.
Eg går i gulnande gras over vollar
og set meg ved Krokstjørn ned.*

*Ser alle dei fargar i mose og ris,
gult, grønt og skiftande raudt,
fagre mønster som på kvar si vis
gjer fjellet vent om det enn er audt.*

Skrive på fjelltur seint i september i 1968.

Me er alt komne i september dette året og. Hausten kjem oss nærare for kvar dag. Sjølv om eg nok likar våren best kan september og gjeva gode opplevingar. Me kan finna mange sortar plommer hagen, epla modnast, og i skog og mark lyser tytebæra raudnande mot oss.

Haustfargane i lauvskogiane hev eg sikkert skrive om før og, men likevel, desse fine varierte haustfargane stoggar eg opp og ser på, særleg når veret er lagleg og sola gyller. Me er heldige som hev desse vekslende årstidene som slik endrar landskapet i kring oss.

Ein dag no eg var på fjelltur såg eg at lyngen hev sær fin farge i år. Denne lite kravstore planten i natura vår pyntar godt opp der det elles er lite anna som blømer.

I hagane våre hev me og mange fine blomar som blømer no på haustparten, mellom anna georginene er fine no. Men her er og frøplantar som kjem seint i bløming. No får me trivnad og glede av at me sådde dei i vår.

Til slutt vil eg minna om eit ord frå Galatarane 5. v.9 : Lat oss gjera det gode og ikkje trøytne ! Når tida kjem skal me hausta, berre me ikkje gjev opp.



Veit du ikkje at du er rik ?

For mange år sidan var det ein song som hadde denne lina: *Vet du ikke at du er rik?* Eg hugsar ingenting av songen utan desse orda. Dei har fylgt meg i mange år. Og desse orda stemmer med det Bibelen fortel oss.

Rikdom er ikkje berre å ha masse pengar. Eg var på eit prestemøte ein gong då ein kollega sa til meg *Du er rik, Melve*. Eg kjende meg ikkje rik på pengar, men eg forstod at han meinte at eg var rik fordi eg hadde fem born. Rikdom er ikkje berre å eiga mykje pengar og eigedom. Rikdom er råd å kjenna også for den som ikkje eig så mykje av gods og gull. Me bur i eit av dei beste landa i verda. Og likevel er det mange som ikkje er lukkelege. Noreg ligg på toppen når det gjeld materiell velstand, men langt nede når det der spørsmål etter lukke og det å vera tilfreds. Der ligg me bak land som Butan og Romania. Kan henda du bør få augo opp for at du er rik? *Veit du ikkje at du er rik?*

Kor rik kjenner du deg? Rikdom har mykje med kjensle å gjera. Du har sikkert høyrte om menneske som kjenner seg rike, sjølv om dei ikkje eig så mykje. Dei fleste eg kjenner, er ikkje rike etter norsk målestokk. Men i høve til dei fleste menneska i verda er me likevel rike. Me veit at slik er det. Likevel er ikkje rikdomen plageleg stor for dei fleste av oss. Og dette gjeld materiell rikdom. Det går an å kjenna seg rik, trass i mangel på materiell velstand. I andre land har dei andre mål på rikdom enn me har. Kan henda me har noko å læra av dei? Ja, eg trur at me heilt sikkert har noko å læra av dei som ikkje berre ser på pengar, eigedom og ting som grunnlag for rikdom.

Du har ein rik Gud! Slik presenterer Gud seg for Moses: langmodig og rik på miskunn og sanning (2.Mos.34,6). Slik seier Paulus at han er: *Han er rik nok for alle som kallar på han.* (Ro.10,12). Han er rik på nåde, ingen treng vera redd for at nåden er oppbrukt. Ingen treng å ottast for at Gud ikkje har nåde og miskunn att. Han har alltid nåde for den som bed han. Det er berre om du vil be om nåde. Det er måten å få han på; å be om nåde. Gud er rik, og han lengtar etter å gje deg av sin rikdom. Jesus fortalde om ein mann som hadde gjort det godt. Han hadde fått så mykje å hausta inn at han måtte bygga større lagerrom. Men han fekk ikkje nyta rikdomen sin. Han døydd, og då hjelpte ikkje rikdomen han. *Såleis går det med den som samlar seg skattar og ikkje er rik i Gud.* Det viktige der altså å vera rik i Gud.

Materielle ting gjev ikkje lukke. Det veit dei fleste, at det er slik. Likevel har materialismen eit sterkt tak på menneske. Det er ikkje berre reklamen som vil få oss til å tru at det er ting som gjev lukke. Heile samfunnet er gjennomsyra av tankegangen på at rikdom gjev lukke. Eg kan ikkje seia at eg er usmitta av denne tankegangen, sjølv om eg veit at det er annleis. Rikdom er ikkje berre å ha pengar i overflod. Ofte høyrer eg i samband med dødsfall, at det vert sagt at han/ho hadde eit rikt liv. Då er det ein rikdom av opplevingar og hendingar i livet det er meint. Eit rikt liv er mykje meir enn å leva i velstand.

Du har ein rik Gud. Han er rik på nåde. Og han vil at du skal få av rikdomen hans. Gud er ikkje gjerrig. Han held ikkje på sitt så du ikkje får tak i det. Han ynskjer å dela, ynskjer å gje deg. Du del i rikdomen hans ved trua. Tru er bandet som knyter deg til Gud. Tru er ikkje noko mystisk som enkelte religiøse menneske får til. Tru er ikkje meir mystisk enn at du bed om nåde, bed om Guds miskunn. **Veit du ikkje at du er rik?** Det finst menneske som trur at Gud ikkje vil dei noko godt. **Gud vil deg vel.** Difor ynskjer han å gje deg, dela med deg av sin rikdom. Lat han få lov til det! Kristendom handlar om å ta imot. Men berre den som tek imot, får. Gud tvingar deg ikkje til å ta imot, men han vil så gjerne gje deg av sin nåde og si velsigning.

Johannes Melve

OSTERØY PRESTEGJELD TILSETTE/ RÅD OG UTVAL

Kyrjekontoret v/Rådhuset

Opningstider:

Sumar: Man-Fre: 08.00.-15.00.

Vinter: Man-Fre: 08.00.-15.30.

(Måndag er fridag for prestar og organistar.)

Tlf. 56 19 22 80 - Fax. 56 19 22 81

Mailadr: kyrkje@osteroy.kyrkja.no

Heimeside: www.osteroy.kyrkja.no

Direkte innval:

Ruth Hauge	56 19 22 71
Helge Kolstad	56 19 22 72
Johannes Melve	56 19 22 82
Inge Sørheim	90 62 00 46
Liv Skoglund	56 19 22 84
Kåre Rivenes	56 19 22 85

OSTERØY PRESTEGJELD, TILSETTE/RÅD OG UTVAL:

Prestane:

Sokneprest Johannes Melve

Priv. tlf. 56 39 00 11, Haus

Sokneprest Inge Sørheim,

tlf. 90620046

Kyrkjemusikk:

Kantor Kåre Rivenes

Priv. tlf. 56 39 06 26

Organist Liv Skoglund

Priv. tlf. 56 39 26 64

Kyrkjeleg fellestråd:

Leiar: Roger Breivik

Nestleiar: Anne Mari Persen

Jostein T. Reigstad

Tove Mostrøm Fjelstad

Frode Johnsen

Johannes Melve

Alf R. Kallestein

Soknerådsleiarar:

Gjerstad: Roald Hauge

Hosanger: Katja Litland

Hamre: Tove Klepsvik

Haus: Madli Hannisdal

Bruvik: Johannes Melve

Kyrkehelsing redaksjonsnemnd:

Redaktør Olav Meltvik

Tlf. 56 39 52 27

Johannes Melve, Elna Mjelstad

Øyvind Vevle

Salmar frå skattkista

I siste nr. vart **Björg Systad** utfordra av **Kari Ekanger Johnsen**.

Ho hev valt denne salmen : Send bud på ham.

Ho seier at dette er ein fin og god salme som vert altfor lite brukt. Desse versa fortel at det er Jesus me kan senda bud på når me hev det vondt og vanskeleg.

I mørke stunder, når sorg trykkjer oss, og når me tviler. Me kan og senda bud på han når alt går bra. Til sist vil Jesus sjølv senda bud på oss og henta sjela vår heim til Gud.

Salmen står på nr. 464 i Sangboken, og er skriven av Konrad Odinsen ca. 1920. Melodien er av Artur Skrede. Björg utfordrar Liv Bente Lavik til å velja salme neste gong.

*Send bud på ham hvis navn er Jesus Krist,
Som frelse kan og lege sjelens brist !
Han som av Gud ble sendt til jorden ned,
send bud på ham, o sjel og du får fred !*

*Send bud på ham når hjelp du trenger til
I mørkest stund han lyse for deg vil !*

*Når ingen utvei du kan øyne mer,
Send bud på ham som også da er nær !*

*Send bud på ham når tvilende du er
En stund med ham, og du ei tviler mer !
Når ned i tåredalen du må gå
Send bud på ham, og hjelpen du vil få !*

*Send bud på ham når sorgen trykker deg
Alt håpløst er, du øyner ingen vei !
Når tro på alle ting du mistet har
Send bud på ham, og vent til du får svar !*

*Send bud på ham i gledens skjønne tid
Når alt går med og lykken smiler blid !
Når dagen heller og det lir mot kveld
Send bud på ham som alle ting gjør vel !*

*Til sist på meg han selv vil sende bud
Og sjelen min han henter hjem til Gud
Å sende bud på ham jeg slipper der
For jeg i evighet er Jesus nær.*

Bladpengar og gåver til Kyrkjehelsing

Redaksjonen vil takka alle dei som sende bladpengar og gåver på giroen som låg inni siste nr. av bladet. Utlegg til trykking og porto aukar, så me vonar på framleis godvilje hjå ostringane. Send gjerne inn meldingar og stoff til redaksjonen. Dei det ikkje høvde for å betala no får ein ny sjanse når me legg inn ny giro i julenr.



Kirkens SOS

Er du en som kan lytte?

Kirkens SOS trenger flere medarbeidere!

Kirkens SOS starter kurs i samtaleferdigheter og krisehåndtering for nye frivillige medarbeidere til krisetelefonen. Kurset går på mandagskvelder med **kursstart 8. oktober 2007**. Medarbeiderne har vakt ca. hver 12. dag, og får støtte og veiledning så lenge de er med i tjenesten.

Hvert døgn tar nesten 600 mennesker kontakt med Kirkens SOS.

Oppgaven for våre frivillige medarbeidere er å lytte til innringer, og tåle å møte et annet menneskes smerte og sorg. Vi svarer også på SOS-meldinger via internett.

Medarbeidere skal ikke finne løsninger eller "gode råd". For å bli med må du være over 20 år. Velkommen til en viktig og meningsfull tjeneste og et godt fellesskap!


Ring oss på tlf. 55 32 58 45 på dagtid eller 480 35 841 kveld og helg.

Du finner mer informasjon på www.kirkens-sos.no

Heimesida vår i Kyrkjeleg Fellesråd er:

<http://www.osteroy.kyrkja.no/>

Kyrkjeverja informerer



Vi kan glede oss over at nokre prosjekt som har vore i gang ei tid etter kvart vert fullført.

HOSANGER KYRKJEGARD:

For det første er utvidinga på Hosanger kyrkjegard på det meste ferdig. Arbeidet som skal gjerast ved utvidninga er unnagjort med eit par unnatak. Når alt er gjort skal Kyrkjeleg fellesråd og Bjørgvin bispedømmeråd godkjenne arbeidet og formelt gjere vedtak om at utvidinga er gjort i samsvar med planane. Deretter kan kyrkjegarden vigslast og takast i bruk. Vi reknar med at i løpet av oktober/ november er alt det foremelle på plass. Fellesrådet er svært glad for at vi er kommet så langt, og ikke minst at vi har unngått å kome i den situasjonen å måtte gravleggja personar frå soknet på andre kyrkjegardar.

HAMRE KYRKJE – TAKVØLE:

I løpet av sommaren er også arbeidet med takvøle på Hamre kyrkje avslutta. Byggmeister Rune Revheim har stått for arbeidet og dei var ferdig med arbeidet før fellesferien tok til. Arbeidet har gått greitt og dei møtte ikkje på større utfordringer i arbeidet enn det ein kunne rekne med på ei så gammal kyrkje. Fellesrådet er svært glad for at

vi nå har eit nytt og sikkert tak på vår eldste kyrkje. Taket er tett og steinen vil halda i mange år og vi treng ikkje vera redd for at takkstein skal løsna og falle ned. Fellesrådet takkar Byggmeister Rune Revheim for vel utført arbeid og godt samarbeid gjennom hele planleggings- og gjennomføringsfasen.

NY GUDSTENESTEPLAN FOR OSTERØY:

Fellesrådet nedsette for ca. eit år sidan eit gudstjenesteutval med følgende mandat: ”Gudstenesteutvalet arbeider med overordna spørsmål for gudstenestelivet i Osterøy. Utvalet

skal utarbeida forslag til ein samordna gudstenesteplan for dei ulike sokna og kan elles arbeida med generelle/ praktiske spørsmål vedr.

gudstjenestene og med utvikling av gudstenestelivet.

Utvalet skulle også komme med forslag på:

- Talet på gudstjenester
- Fordeling av gudstjenestene mellom sokna
- Kva for type gudstjenester ”

Etter utvalget si tilråding vert det i

Bruvik kyrkje: 16 gudstj.r
Haus kyrkje: 24 gudstjenester
Gjerstad kyrkje: 32 gudstj.
Hosanger kyrkje: 22 gudstj.
Hamre kyrkje: 22 gudstj.
Dette antallet er inklusiv fellesgudstjenester.

Denne planen har vore drøfta i alle soknemøter på Osterøy våren 2007 og er blitt godkjent av Bjørgvin biskop og endringene skal tre i kraft frå og med 01.09.2007.

Innkomne midlar i samband med Torleif Larsen si bisetting i Hamre kyrkje 20.07.2007

Som ei minnegåve etter Torleif Larsen er det no kome inn kr. 10.000,-. Etter avtale skal desse midlane nyttast til oppretting/forbetring av alterbord/tavle i Hamre kyrkje. Hamre sokneråd takkar så mykje for gåva og vonar at dette kan vere eit godt insitament for å få i gong ytterlegare innsamling til dette arbeidet.



Velkommen til kyrkja

16. s. e. pinse, 16. september 2007: Matt 6,24-34 1 Kong 17,8-16; Gal 5,25-6,5

Hosanger kl. 11.00	Høgmesse. Kåre Mestad. Nattverd. Dåp. 50-års-konfirmantar. Takkoffer til Norsk misjon i Øst
Bruvik kl. 11.00	Gudsteneste. Børge Ryland. Presentasjon av konfirmantar. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
Haus kl. 19.00	Gudsteneste. Børge Ryland. Presentasjon av konfirmantar. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

17. s. e. pinse, 23. september 2007: Joh 11,17-27.37-44 Hos 6,1-3; 2 Tim 1,9-12a

Gjerstad kl. 11.00	Hausttakkefest. Johannes Melve. Dåp. Nattverd. Takkoffer til barne- og ungdomsarbeidaren i Osterøy.
Hamre kl. 11.00	Gudsteneste. Inge Sørheim. Presentasjon av konfirmantar. Takkoffer til Den Norske Tibetmisjon. Dåp.
Hosanger kl. 19.00	Gudsteneste. Inge Sørheim. Presentasjon av konfirmantar. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

18. s. e. pinse, 30. september 2007: Mark 2,18-28 Jes 1,12-17; Rom 14,1-8

Haus kl. 11.00	Høgmesse. Johannes Melve. Nattverd. 60+. Takkoffer til Norsk Lærarakademi.
----------------	--

19. s. e. pinse, 7. oktober 2007: Mark 12,28-34 Sal 73,23-28; 1 Kor 1,4-9

Bruvik kl. 11.00	Høgmesse. Sørheim. Nattverd. Takkoffer til frivillighetssentralen.
------------------	--

20. s. e. pinse, 14. oktober 2007: Mark 2,1-12 1 Mos 15,1-6; Rom 4,1-8

Haus kl. 11.00	Høgmesse. Melve. Nattverd. 50-års-konfirmantar. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
Hamre kl. 11.00	Familiegudsteneste, hausttakkefest. Sørheim. Utdeling av 4-års-bok. Osterøy kyrkjekor. Takkoffer til Osterøy sundagsskulelag.

21. s. e. pinse, 21. oktober 2007: Mark 10,2-9 1 Mos 1,27-31; 1 Kor 7,29-35

Gjerstad kl. 11.00	Høgmesse. Melve. Dåp. Nattverd. 50-års-konfirmantar. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
Hosanger kl. 11.00	Familiegudsteneste. Sørheim. Utdeling av 4-års-bok. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Bots- og bededag, 28. oktober 2007: * Dan 9,15-19 Gal 5,16-24; Matt 3,7-12

Hamre kl. 11.00	Gudsteneste. Børge Ryland. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
-----------------	--

Helgemesseaftan, laurdag 3. november 2007:

Hosanger kl. 16.00	Minnegudsteneste. Sørheim.
Gjerstad kl. 17.00	Minnegudsteneste. Melve.
Hamre kl. 18.00	Minnegudsteneste. Sørheim.

Allehelgensdag, 4. november 2007: Matt 5,1-12 Jes 49,8-10; Åp 7,9-17

Haus kl. 11.00	Høgmesse. Melve. Sørheim. Osterøy kyrkjekor. Dåp. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet
----------------	--

24. s. e. pinse, 11. november 2007: Matt 22,15-22 Am 8,4-7; 1 Tim 2,1-6a

Gjerstad kl. 11.00	Familiemesse. Melve. Nattverd. Sundagsskulens dag. 4-års-bok. Takkoffer til Bergen sundagsskulekrins.
--------------------	---

25. s. e. pinse, 18. november 2007: Joh 5,24-29 Esek 37,1-5.10-14; 2 Kor 5,1-10

Haus kl. 11.00	Familiemesse. Melve. Nattverd. Sundagsskulens dag. 4-års-bok. Takkoffer til Bergen sundagsskulekrins.
Bruvik kl. 17.00	Familiegudsteneste. Melve. 4-års-bok. Osterøy kyrkjekor. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Siste søndag i kirkeåret (Domssøndag), 25. november 2007: Matt 25,31-46 Jes 65,17-19; Åp 20,11-13

Hamre kl. 11.00	Høgmesse. Børge Ryland.
-----------------	-------------------------

Nattverd. Takkoffer til
Normisjon.

1. søndag i advent, 2. desember 2007: Luk 4,16-22a; Sal 24; Åp 5,1-5[6-10]

Hosanger kl. 11.00 Familiemesse. Sørheim.
Nattverd. Osterøy kyrkje-
kor. Takkoffer til Osterøy
søndagsskulelag.

Haus kl. 19.00 Lysmesse. Kallestein og
konfirmantane. Takkoffer
til Lovsongsheimen.
Kyrjekaffi/gløgg.

2. søndag i advent, 9. desember 2007: Luk 12,35-40; Joel 3,3-5; Hebr 10,35-39

Hamre kl. 17.00 Lysmesse. Sørheim.
Konfirmantane.

Gjerstad kl. 19.00 Lysmesse. Kallestein og
konfirmantane. Takkoffer
til kyrkjelydsarbeidet.

Hosanger kl. 19.00 Lysmesse. Sørheim og
konfirmantane.

3. søndag i advent, 16. desember 2007: * Jes 40,1-8; 2 Pet 1,19-21; Matt 11,11-19

Haus kl. 11.00 Høgmesse. Sørheim.
Nattverd. Takkoffer til
kyrkjelydsarbeidet

Bruvik kl. 17.00 Lysmesse/julekonsert.
Børge Ryland, konfir-
mantane og Haus
musikklag

Gjerstad kl. 20.00 Julekonsert.

Hamre kl. 19.00? Julekonsert

4. søndag i advent, 23. desember 2007: * Jes 40,9-11; 1 Pet 1,10-13; Joh 3,26-30

Tysse bedehus kl. 11.00 Gudsteneste. Melve.
Takkoffer til Nms.

Julaften, 24. desember 2007: Luk 2,1-14; Mi 5,1-4a

Bruvik kl. 12.30 Familiegudsteneste.
Melve. Takkoffer til
Kirkens nødhjelp.

Hamre kl. 14.00 Familiegudsteneste. Sør-
heim. Takkoffer til
Kirkens Nødhjelp.

Gjerstad kl. 14.30 Familiegudsteneste.
Melve. Takkoffer til
Kirkens nødhjelp.

Haus kl. 16.00 Familiegudsteneste.
Melve. Takkoffer til
Kirkens nødhjelp.

Hosanger kl. 16.00 Familiegudsteneste.
Sørheim. Takkoffer til
Kirkens nødhjelp.

Juledag, 25. desember 2007: Joh 1,1-5[6-8]9-14; Jes 9,2-3.6-7; Hebr 1,1-5a

Hamre kl. 12.00

Høgtidsgudsteneste. Sør-
heim. Nattverd. Takkoffer
til Det Norske Misjons-
selskap.

Haus kl. 11/12?

Høgtidsgudsteneste.
Melve. Nattverd. Takk-
offer til Det Norske
Misjonsselskap.

2. juledag (Stefanusdagen), 26. desember 2007: Matt 10,32-39; Jes 50,4-7; Apg 7,52-60

Gjerstad kl. 11.00 Høgtidsgudsteneste.
Melve. Sørheim. Natt-
verd. Osterøy kyrkjekor.
Takkoffer til Det Norske
Misjonsselskap

Søndag etter jul, 30. desember 2007: Joh 1,16-18; Jes 2,2-5; Kol 2,8-10

Bruvik kl. 11.00 Høgmesse. Sørheim.
Nattverd. Takkoffer til
Det Norske Misjons-
selskap.

Nyttårsaften, 31. desember 2007: Joh 14,27; Klag 3,22-26; 2 Pet 3,13-15a.17-18

Hosanger kl. 23.15 Midnattsmesse. Sørheim.

Gudstenestevektstad

4åringane skal få si kyrkjebok i haust.
Utdelingane vert i Gjerstad 11.november, Haus
18.november kl.11.00 og i Bruvik kl.17.00.

Før desse utdelingane vert det
gudstenestevektstad i Gjerstad laurdag
10.november i kyrkja. Kl.16.00. For Haus vert
det laurdag 17.november kl.17.00.

Desse samlingane er ikkje berre for fireåringar og
familie, men alle er velkomne til å vera med. Her
teiknar me til gudstenesta sundagen, og me gjer
oss kjende med songane me skal bruka ved
utdelinga. Kaffi/ -saft høyrer med !

Kyrkjесkyss til Gjerstad

For dei som ynskjer å koma til kyrkje, men har
problem med skyss, er det mogeleg å mringja til
ein av desse :

Roald Hauge tlf. 56394507


Ingunn Hartveit Mæstad tlf. 995 41 245

Ver ikkje redd å ta kontakt. Me ynskjer at folk
kjem til kyrkje, og tykkjer det er leitt at skyssen
skal vera eit hinder. Om ikkje dei oppsette
personane køyrer sjølv, får dei andre til å gjera
det.

**Dette året lagar Gjerstad sokneråd ikkje til
eldrefest**

Soknepresten har ordet

Saman som medarbeidarar



Inge Sørheim

I denne sokneårdsperioden (2006-2009) har Bjørgvin bispedømeråd eit prosjekt som handlar om det å vera medarbeidar i kyrkja. Eit særleg fokus er retta mot ulønna medarbeidarar. Dette fokuset har dei fordi bispedømerådet og biskopen ser kor viktige dei er for arbeidet i kyrkjelyden, og ser at utan dei hadde ikkje kyrkja vår vore ei levande kyrkje.

Ein viktig del av medarbeidarprosjektet er å utfordra sokneråda til å arbeide for medarbeidartiltak, som er knytt til rekruttering eller oppfølging av medarbeidarar. Medarbeidarane skal fram i lyset, og nye skal rekrutterast.

Har du noko du brenn for i din kyrkjelyd? Noko du har lyst å bidra med? Eg vil her oppfordre deg til å ta kontakt med

soknerådsleiar, prest eller kyrkjekontor. Dersom nokon utfordrar deg til å vere medarbeidar, så vurder det seriøst. Då kan det vere at du får sett i gang noko som du er oppteken av, eller du kan vere med å styrke arbeidet som alt eksisterer.

Preiketeksten for 15. søndag etter pinse var Paulus si helsing til ei av dei første kristne kyrkjelydene, og handlar om livet i kyrkjelyden. Må hans formaning vere med oss også i vårt arbeid saman som medarbeidarar.

1Tess 5,16-24:

Sjå til at ingen løner vondt med vondt, men legg vinn på å gjera godt mot kvarandre, ja, mot alle!

Ver alltid glade!

Be uavlateleg!

Takk Gud, kva som enn møter dykk!

For dette er Guds vilje med dykk i Kristus Jesus.

Sløkk ikkje ut Anden!

Forakt ikkje profetord,

men prøv alt og hald fast på det gode!

Hald dykk ifrå vondskap av alle slag!

Må han sjølv, fredens Gud, helga dykk heilt igjennom. Og gjev at dykkar ånd og sjel og kropp må haldast uskadde, så de kan vera ulastelege når vår Herre Jesus Kristus kjem! Trufast er han som kallar dykk til dette. Han skal òg fullføra det.

Sundag for dei forfølgde

Kvart år ein sundag i november markerar "Norsk misjon i øst" (NMØ) den lidande kyrkja i verda sin situasjon. I år vert det den 11. november. Dei som fylgjer med, veit at det går føre seg omfattande forfylgning av kristne rundt om i verda i dag, særleg i kommunistiske og muslimske land. Fengsling, tortur, bortføring, valdtekt av unge jenter og drap av kristne er

ikkje sjeldan i somme av landa. I år vert merksemda retta mot situasjonen for dei kristne i Vietnam. I samband med at landet i fjor var vertskap for APEC-møtet (Asia Pasific – Economic Coperation) og fekk då besøk av stasleiarar frå fleire land, vart Vietnam, mot råd frå fleire menneskerettsorganisasjonar, stroke av det amerikanske

utanriksdepartementet si liste over land som undertrykkjer religions- og trusfridom hjå folket sitt. Og landet har gjort framgong dei siste åra, bl.a. ved å setja fri ein del politiske og religiøse fangar, gjenopna nokre kyrkjer, og i alle fall på papiret, gjort det lettare å registrera seg som trussamfunn. Men det er likevel lett å påvisa at situasjonen er vanskeleg for

Framhald neste side

Familie- nytt



HAUS

Døpte:

19.08. Heidi Daltveit

Gravlagde:

29.06. Håkon Mjelde (f.1924)
27.07. Ronny Romslo (f.1974)
28.08. Arne Jørgen Mjelde (f.1946)

GJERSTAD

Døpte:

15.07. Niklas Gudmundsen Hansen
12.08. Johannes Vassdal Tveiterås
09.09. Emilie Fosse Birkelid

Vigde:

07.07. Maureen Michelle Hall og Dan Ove Gudmundsen

Gravlagde:

04.07. Johannes J. Presttun (f.1913)
31.07. Einar Johan Larsen (f.1925)
10.05. Sigvard Årland Sætrevik (f.1920) Gravlagt på Stolmen, Austevoll

BRUVIK

Gravlagde:

22.06. Arne Jakob Vik (f.1924)
05.07. Anders Ingolf Olsnes (f.1922) Bisett
22.08. Roald Bruvik (f.1932)
11.09. Tomas Stokke (f.1915)

HAMRE

Døpte:

26.05. Elias Reigstad Fotland
24.06. Stina Østvik Mostrøm Døpt i Kjeldebotn, Ballangen

10.06. Eirik Reigstad
01.07. Victor Eide Småland
01.07. Petter Svensson Øksnes
05.08. Stian Arnesen Mostrøm
05.08. Johannes Aanstad Storebø
05.08. Dina Burkeland
09.09. Paul Arne Wermundsen Thorsen

Vigde:

16.06. Torunn Hjellvik og Jarle Hanevik Bergset
23.06. Marianne Hjellvik og Sigbjørn Hannisdal
07.07. Monica Helland Tøsse og Hein Rune Tøsse
20.07. Marianne Karlsen og Kristoffer Reigstad
04.08. Carina Storevik Mjøs og Christoffer Andersen Røskeland
11.08. May Linda Hustrulid og Øystein Lona

Gravlagde:

26.06. Atle Vestheim (f.1958)
03.07. Alf Johannes Reigstad (f.1919)
20.07. Torleif Larsen (f.1932) Bisett
07.08. Einar K. Børtveit (f.1909)
17.07. Bjørn Georg Holsen (1938) Kremert

HOSANGER

Døpte:

22.07. Mathea Karlsen Grøtte

Vigde:

23.07. Lillian Bernes Røskeland og Vidar Yndesdal

Gravlagde:

24.07. Sigurd Andreas Bernes (f.1919)
17.08. Olav Kleppe (f.1928)

mange kristne. NMØ skriv på heimesida si :
-Fortsatt tvinger det lokale politet landets minoritetsfolk til offentlig å frasi seg kristen tro under trusler om vold og represalier. Og religiøse ledere blir fortsatt anholdt, arrestert og holdt i husarreat. En rekke kirker nektes fortsatt registrering, fordi myndighetene mistenker dem for å ha skjulte politiske agendaer. Jeg traff selv kristne kirkeplantere som ble fengslet og bøtelagt fordi de hadde

fraktet med seg bibeldeler over grensen fra Kina .De viste meg også sine torturmerker..
NMØ sin representant, Jon Geir Dittmann, som besøke Vietnam i fjor, opplevde sjølv å verta etterfylgd av politiet då han skulle oppsøkja ein uregstrert huskyrkjelyd blandt Hmong. folket. Det var ikkje fårleg for han, som utanlands turist var han "freda", men leiarane i kyrkjelyden var uroleg for kva som ville henda med dei som hadde lagt til rette for besøket.

Styremaktene har erfaring for at dei kristne kyrkjene fostrar leiarar som går i spisse for demokrati og menneskerettar. Dei lidande kristne treng vår forbøn. Då må me og få kjennskap til dei tilhøva som dei lever under. Det hjelper NMØ oss med gjennom meldigsbladet sitt "Ropetr fra Øst" og heimesida si www.nmio.no.

Øyvind Vevle

Altertavla i Hosanger kyrkje

Foto: Rune Solberg

Altertavla i Hosanger kyrkje er etter måten høg, og forma ber preg av Lous-Seize-stilen frå slutten av 1700-talet med dei joniske søylene, den brotne gavlen, girlandermaalinga og innramminga av biletfelta. Særmerkt er dei flate, profilskorne figurane på sidene. Motivet framstiller frelseshistoria i kronologisk rekkjefylgje, noko som var typisk for altertavlene frå denne tidsepoken.

Hovudmotivet, Nattverden, står fyrst. Jesus er kledd i kvitt, og har glorie, høgre handa syner at han velsignar læresveinane.

Under biletet står det skrive: «Hvert Menneske Prøve Seg Selv, Og Æde saa af Brødet og Drikke saa af Kalken». Over hovudmotivet, men innfelt i same biletramme fylgjer Krossfestinga. Vi ser Jesus nagla til krossen, med Jomfru Maria og apostelen Johannes som står syrgjande ved sida. Øvst på krosstramme ser vi innskrifta I.N.R.I. Det tyder Jesus Nazarenum Rex Judaeorum - Jesus av Nasaret, jødane sin konge - som Pontius Pilatus lot krossfeste. Krosstammen kviler på Adams kranium og knoklar. Eit oldkyrkjeleg sagn fortel at levningane etter Adam vart funne der krossen til Jesus vart reist, utanfor bymurane vest for Jerusalem, Hovudskallestaden.

I det sirkelforma biletet over, ser vi Jesus Kristus som sigrar over døden. I høgre handa held han krosstaven med sigersfana. Under Kristusfiguren ser vi den tome sakrofaen.

Øvst er Himmelfarta skildra, der vi ser berre Jesu føter i det Han stig til himmels. Læresveinane ligg på kne og ser opp mot himmelen.

På sidene, ved hovudmotivet, står Moses med lovtavlene til høgre og døyparen Johannes til venstre. Over, på den brotne



gavlen, kviler to basunblåsande englar. Dei er symbolet på den himmelske freden.

Nedst på tavla er eit innskriftsfelt som fortel at «Aar Attenhundrede Sex og Halfemtins tyve, Hosanger, Sogns Ungdom og Inderster mon Give, Den

Altertavle og Prædikestoel her staar, Da Kirken Aaret før ved Lynild afbrende var.»

Kjelder: Hosanger kyrkje gjennom 200 år v/Ivar Hole, Våre Altertavler, Føredrag v/Anne Marta Hoff, NIKU.

Astrid Brandal Øvsthus.

I Hosanger kyrkje

Det er høgtid i kyrkja vår
når me til høgmesse samlast får.
Då kjem me saman frå sokna her
og heilagordet me høyra fær.

Og salmar syng, dei kjende kjære,
til orgeltonar, vår Gud til ære.
Så lyder ordet frå preikestol
om han som føddest då det vart jol.

Om han som synda vår tok på seg
no stend det berre på deg og meg,
om no me audmjukt vil bøya kne
og søkja der innved krossen fred.

Her våre fedrar hev samlast trutt
frå nes og vika der dei hev butt.
På båtar kom dei utover fjord
for her å høyra om Herren stor.

No hev dei fenge sin kvilestad,
kring kyrkja ligg dei i flokk og rad,
og me skal og finna kvila her
når me tek ut på vår siste ferd.

Så får det vera vår trygge von
at me får møta Guds eigen son,
og prisa honom i englekor
som gav oss frelse og nåde stor.

Olav Meltvik

60 + samling i Haus kyrkjelydshus søn. 30. sept.

Etter gudstenesta kl. 11.00 v. sokneprest Johannes
Melve inviterar vi til middag og kaffi i kyrkjelydshuset.
Det blir kulturprogram om Per Sivle.
Harriet Garlid frå NLA vil fortelja om Per Sivle i ord og
dikt. Det blir musikk av Brage Hatløy og Kåre Rivenes
og song av Kristine.
Hjarteleg velkommen!

Arr: Haus sokneråd

Vestlands- ver

Eg er lei av heile greia,
høyrdde eg ein nabo seia.
Alle desse lågtrykka,
send ei ned til Afrika.

Går det an å få det verre ?
ja, det gjer nok det, diverre.
Det er mykje som går an,
metrologen sa orkan.

Langtidsvarslet er det samme,
inga betring lenger framme.
Austpå er det sol, men her
berre regn og ruskever.

Mamma, sjå den gule ballen !
Guten stod der himmelfallen.
Det er sola, kjære venn,
endeleg kom ho igjen.

Opp med alle vindaugsruter,
ut med sengetøy og puter.
Alt må gjerast i ein fart,
veret det kan snu seg snart.

Og før dagen vel var omme,
stod stativa atter tomme.
Tørre kle laut bergast inn,
det kom regn og vestanvind.

Lærde menn har sagt si meining
om ozon og forureining.
Storm på storm, orkan og regn,
du skal sjå de som eit tegn.

Mange trur ein renessanse
kan få veret i balanse.
Slik naturen eingong var,
er ein draum vi alle har.

Dette vart ei regnversvise,
men det er då inga krise.
Kanskje vi i morgon får,
sol frå himlen rein og klår.

Med tanke på alt regnet me hev
hatt siste vekene tok me med
dette diktet av Haldis Reigstad
frå samlinga : I di hand.

Den venaste song

Den venaste song i verda
som leikar for hjarta mitt –
er songen til Herrens æra.
som Frelsaren har meg gitt.

Den venaste song som tonar
og lyder i verdsens larm –
er songen om vår Forsonar,
som løyser frå sorg og harm.

Den venaste song eg kjenner,
som djupast meg gleda kan-
er songen om Jesu hender
og Kristus, vår Trøystarmann.

Ja, venaste song på jorda
er songen om nåden Din.
I Deg, Gud, og miskunsorda
eg vegen til himlen finn !

Ja, venaste song for øyr
er songen om Jesus Krist.
Så hjelp Du meg rett å høyra
og eiga Ditt liv til sist !

Øystein Hovden, frå samlinga: Bak havdis grå

